

Fra: Matti Torgersen (Matti.Torgersen@hfk.no)

Sendt: 05.03.2018 16:13:10

Til: 'Sigurd Huglen'

Kopi:

Emne: SV: Fastlandsambandet Huglo - Tysnes

Vedlegg: Default.pdf;image001.jpg

Hei

Ferjestatistikk finn du her:

<http://fdb.triona.no/createReport.xhtml>

Ser at i 2017 vart det samla ein ÅDT på Nord-Huglo på 77 og ein PBE på 99, så du har nok rett i det du seier. Skilnaden går altså på om tunge køyretøy er omrekna til personbileiningar eller ikkje.

Eg er litt usikker på kva for eit dokument du viser til. Om det er brev vi har sendt til Samferdselsdepartementet og til Kommunal- og moderniseringsdepartementet, sjå vedlegg, så er det her brukt ÅDT og ikkje PBE. Grunnen er at vi er bedt av departementet om å bruke ÅDT når vi opplyser om trafikkgrunnlaget. Etter det vi kjenner til, vil dei uansett kontrollere tala med ferjestatistikken som er nemnt ovanfor.

Eg kan elles nemne at vi har fått brev av Samferdselsdepartementet om at sambandet til Nord-Huglo kvalifiserer til ferjeavløysingsmidlar. Vi har ikkje fått tilbakemelding på storleiken på ferjeavløysingsmidlar frå Kommunal – og moderniseringsdepartementet, det tek erfaringsmessig noko lenger tid.

Beklagar sein tilbakemelding, som skuldast ferie og tenestereise.

Venleg helsing

Matti Torgersen

Sjefsplanleggjar

Samferdselsavdelinga | Transportplanseksjonen

HORDALAND FYLKESKOMMUNE



Tlf: 55 23 91 68 | Mob: 922 24 656

www.hordaland.no

Fra: Sigurd Huglen [mailto:sigurd.huglen@stord.kommune.no]

Sendt: 23. februar 2018 12:32

Til: Matti Torgersen <Matti.Torgersen@hfk.no>

Emne: Fastlandsambandet Huglo - Tysnes

Hei.

Har sitt gjennom referatet datert 31.01.2018 vedr. fastlandsambandet Huglo - Tysnes.

Har ein merknad i den samanheng.

Det går på ÅDT. Reknar med at ÅDT er det same som personbileiningar (PBE), og at talgrunnlaget gjelder t/r Huglo.

Eg har gode kontaktar på ferjesambandet, og ut frå deira oversikt vart det i 2016 registret 36.600 PBE. DVS at det i gjennomsnitt går 100,2 eller 100 PBE/DØGN til Huglo.

Om føresetnadane er rette, så ber eg at talgrunnlag vert retta opp.

Fint om eg kunne få ei melding attende.

Helsing

Huglo Bygdelag
v/ Sigurd Huglen
Leiar

Tlf.: 48082781